



Retningslinjer for prosjektstøtte til kulturmiljø og friluftsliv

Retningslinjene vart vedtatt av kultur- og folkehelseutvalet 10. september 2024, i sak 41/24. Dei vart sist justert 15. september 2025, i sak 63/25.

Formål

Ordninga har som formål å

- bevare og formidle kulturmiljø av høg lokal og regional verdi. Med kulturmiljø forstår vi kulturminne, kulturmiljø og landskap.
- legge til rette for at folk kan drive friluftslivsaktivitetar i nærleiken av der dei bur
- gjere eksisterande kulturminne, stiar og turvegane meir kjent gjennom tilrettelegging

Tilskotsordninga skal bidra til å nå måla i planverket til fylkeskommunen.

- [Fylkesplan 2025–2028](#)
- [Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer 2022–2025](#)
- [Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi](#)
- [Anleggspolitikk for Møre og Romsdal 2021–2024](#), sjå punkt 4.4
- [Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader](#)

Kven kan søke støtte?

Fylkeskommunalt tilskot til kulturmiljø og friluftsliv kan tildelast

- foreiningar/organisasjonar/sameige/frivillige
- private eigarar som enkeltpersonar eller private verksemdar
- kommunar



Kva kan du søke støtte til?

Fylkeskommunen gir tilskot til tiltak innan kulturmiljø og friluftsliv i samsvar med formålet med ordninga.

Dette kan for eksempel vere:

- Skjøtsel* og tilrettelegging av friluftsområde.
- Rydding og opparbeiding av turstiar
- Klopping og gangbruer
- Skilting og merking av friluftsområde og turstiar
- Tiltak som medverkar til istandsetting og bevaring av kulturmiljø, alle typar byggverk, hagar, parker, historiske ferdselsårer, steingjerde, bruer og liknande. Det kan vere til planlegging, gjennomføring og dokumentasjon.
- Å arrangere kurs eller seminar som støtter formålet med ordninga

* Miljødirektoratet definerer skjøtsel slik:

«Tiltak for å opprettholde eller oppnå ønsket natur- eller kulturtilstand, for eksempel tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerne vegetasjon eller fremme treslag eller restaurere etter naturinngrep.»

[Miljødirektoratet sin rettleiar «Tilrettelegging og skjøtsel»](#)

Når søknaden din gjeld kulturmiljø

Kulturmiljø må vere listeført i Regional delplan for kulturminne i Møre og Romsdal eller i kommunens kulturmiljøplan og/eller ha omsynssone kulturmiljø i reguleringsplan eller kommuneplanen sin arealdel.

Storleiken på tilskotet blir vurdert ut frå budsjett for kvart tiltak og tilgjengelege midlar.



Kva blir det ikkje gitt støtte til?

- Ordinær drift
- Friluftslivstiltak med totalkostnad høgare enn 150 000 kroner. Skal de søke om meir enn 150 000 kroner kan de søke om spelemidlar.
- Lause gjenstandar og immateriell kulturarv – ordninga gjeld faste kulturminne
- Tiltak som er gjennomført før søknadsfristen
- Tiltak som er meint å skape eit overskot for private aktørar
- Kostnadar knytt til deltakaravgift og reise til seminar, utdanning, studietur og liknande
- Innspeling og utgiving av litteratur, film eller musikk

Søknadsfrist

1. november

Søknaden må innehalde

Søknad må leverast elektronisk innan søknadsfristen. I tillegg må den innehalde:

- Budsjett med finansieringsplan (forventa inntekter og utgifter)
- Fyldig omtale av tiltaket (kva som skal gjerast, og korleis det skal gjerast)
- Oversikt over korleis kostnadene skal finansierast

Når søknaden gjeld kulturmiljø må du òg ha

- kartutsnitt der det aktuelle kulturminnet er merka
- kommune, adresse, gards- og bruksnummer der kulturminnet står (ev. Sefrak ID eller kulturminne ID)
- skildring og foto av kulturminnet (oversiktsbilde og detaljbilde) eller staden kor prosjektet eller tiltaket skal gjennomførast, innvendig og utvendig.
- tilstands- og tiltaksbeskriving av arbeidet frå restaureringskyndig handverkar og/eller rådgivar. Detaljert beskriving av materialbruk og byggemetode.
- spesifisert overslag over kostnader frå restaureringskyndig handverkar og/eller rådgivar



Når søknaden gjeld friluftsliv

- Kartutsnitt der det aktuelle området er merka
- Kommune, adresse, gards- og bruksnummer

Slik prioriterer vi kven som får støtte

Søknadane blir vurdert og prioritert etter desse kriteria:

- Tiltak som kombinerer tilrettelegging for friluftsliv og formidling av kulturmiljø.
- Tiltak som òg får økonomiske støtte frå kommunen eller andre kjelder.

Kulturmiljø

- Ført opp i [Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi](#)
- Ført opp i kommunal kulturmiljøplan
- Har omsynssone kulturmiljø i reguleringsplanar eller kommuneplanens arealdel
- Kulturmiljø langs kysten og i landbruket (prioritert område i [Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø](#) eller [Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø](#))
- Kulturmiljø som
 - er sjeldan og det er få igjen av
 - har høge antikvariske meirkostnader på grunn av tilstand eller materialar, for eksempel skifertak.

For friluftsliv

- Tiltak i nærleiken av der folk bur og/eller oppheld seg
- Område som er kartlagt og verdsett etter [Miljødirektoratet sin rettleiar M-98 2013](#)
- Tiltak som inngår i ein heilskapleg plan eller strategi, for eksempel plan for friluftslivets ferdselsårer

Slik utbetaler vi pengane

Fylkeskommunen betaler ut støtta når du har sendt inn sluttrapport. Rapporten skal vise at prosjektet er gjennomført i tråd med grunngivinga og vilkåra i tildelingsbrevet.

Du kan be om utbetaling av inntil 75 prosent av støtta medan prosjektet er undervegs. For å få utbetalt dei siste 25 prosentane av tildelinga di, må du sende inn sluttrapport.



Vilkår for tildelinga

At tildelinga er gitt på vilkår betyr at du må følge opp og gjennomføre punkta som står nedanfor. Vi kan kontrollere om vilkåra er følgt.

Punkt 1, 2 og 3 gjeld kun for prosjektstøtte til kulturmiljø..

1. Du må følge dei antikvariske retningslinjene – for kulturmiljø

Vedlikehold og istandsetting av kulturmiljø skal skje skånsamt og etter antikvariske retningslinjer. I korte trekk betyr det at:

- Du må reparere bygningsdelar framfor å skifte dei ut. Skift ut minst mogleg av originale element og materialar. Du skal heller legge til eit bygningselement eller materiale, enn å fjerne.
- Når du reparerer eller skiftar ut bygningsdelar, skal du bruke materiale av same kvalitet, dimensjon og utforming. I tillegg må også dei same teknikkane brukast.
- All tilbakeføring til eit tidlegare stadium i bygning eller anlegget si historie, skal skje på eit dokumentert grunnlag.

Har du spørsmål til punkta ovanfor, kan du ta kontakt med saksbehandlar. [Du finn den fullstendige antikvariske retningslinja ved å følge denne lenka.](#)

2. Du har ansvar for at handverkarane har rett kompetanse – for kulturmiljø

Når tildelinga gjeld eit kulturminne, er du

- oppdragsgivar for handverkarane. Du må få bekrefta at dei utførande handverkarane har kompetanse innan praktisk bygningsvern. Det kan vere kurs, utdanning eller erfaring frå tidlegare prosjekter på verneverdige bygg og anlegg. Viss handverkarane ikkje har dette, må du engasjere ein bygningsvernhandverkar som følger opp dei utførande handverkarane.
- ansvarleg for at handverkarane er kjend med omtalen av tiltaket i søknaden, grunngivinga for vedtaket om tilskot og dei antikvariske retningslinjene.

Blir det aktuelt å engasjere andre utførande handverkarar enn det du har oppgitt i søknaden? Da må du kontakte fylkeskommunen på førehand og orientere om handverkarane sin kompetanse.



3. Du må dokumentere arbeidet

Når tildelinga gjeld kulturmiljø, har du ansvar for at arbeidet blir dokumentert gjennom foto og skildringar før, under og etter arbeidet er ferdig. Du kan òg avtale at handverkarane gjer dette. Bilda skal leverast inn som ein del av rapporteringa.

4. Du må seie frå om endringar

Tiltaket må gjennomførast slik det er søkt om og i tråd med grunngivinga i vedtaket. Viss det er nødvendig å gjere endringar må du avklare det med fylkeskommunen på førehand. Vi minner om at støtta frå fylkeskommunen maksimalt kan utgjere 50 prosent av det totale budsjettet. Viss tiltaket ikkje gjennomførast som planlagt, eller kostnadene blir lågare enn budsjettert, kan støtta bli redusert.

5. Du må rapportere og føre rekneskap

Rapporten skal blant anna gjere greie for korleis arbeidet er gjennomført, og kva for materiale som er brukt. Du må også rapportere på om arbeidet er gjort i tråd med dei antikvariske retningslinjene.

Rekneskapen skal vise korleis støtta er brukt og settast opp slik at det kan samanliknast med budsjettet du sendte i søknaden. Støtta frå fylkeskommunen skal spesifiserast i rekneskapen. Kopi av faktura og ei liste over dugnadstimar skal følge med rekneskapen som vedlegg.

For tildelingar under 350 000 kroner skal sluttrekneskapen vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore med i føringa av rekneskapen. For tildelingar der støtta frå fylkeskommunen er over 350 000 kroner, skal det framleggast rekneskap godkjent av autorisert revisor.

Du skal sende inn sluttrapport og rekneskap seinast tre månader etter at prosjektet er ferdig. Om vilkåra for tildelinga ikkje blir følgt, kan vi krevje at du må betale tilbake heile, eller deler av, støtta.

6. Du må få sluttrapporteringa godkjent for å få utbetalt siste del av støtta

For å få utbetalt dei siste 25 prosentane av tildelinga di, må du sende inn sluttrapport. Når saksbehandlar har godkjent rapporten din, blir det gjenståande beløpet betalt ut.



Tilskotet er gyldig i året du får tilskotet og ut dei to påfølgande åra. Du må sende rapport seinast tre månader etter at prosjektet er ferdig og siste frist for sluttrapportering er 1. november det siste året tildelinga er gyldig. Har du ikkje sendt inn sluttrapportering innan fristen, vil den automatisk falle vekk etter to år.

Rapport og rekneskap skal sendes elektronisk via fylkeskommunen sitt nettbaserte rapporteringsskjema, seinast tre månader etter at prosjektet er ferdig.

Rapporteringsskjema finn du via denne lenka: <https://dialog.mrfylke.no/dialogue/>

7. Du må synleggjere støtta du får

Støtta frå fylkeskommunen skal synleggjerast ved marknadsføring. Det skal òg komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Viss du ikkje følger vilkåra

Har du gitt ufullstendige eller feilaktige opplysingar i søknaden din, kan vi krevje at du må betale tilbake heile, eller delar av, støtta. Dersom vi ved ein feil utbetaler for mykje, skal det som er utbetalt for mykje betalast tilbake.

Ved hjelp av rapporten du leverer vil vi kontrollere at vilkåra er følgt, og du må gi alle nødvendige opplysingar for at fylkeskommunen kan gjennomføre denne sjekken. I tillegg vil det bli gjort tilfeldige utvida stikkontrollar blant dei som har fått støtte i ordninga.

Du har rett til å klage

Vedtak i tilskotssaker er eit enkeltvedtak ifølge forvaltningslova § 28. Det betyr at du kan klage innan tre veker frå den datoen du fekk brevet.

Om du sender inn ei klage, vil kulturavdelinga gjere ei ny vurdering i saka. Dersom ikkje vedtaket blir omgjort, blir klaga oversendt fylkeskommunen si klagenemnd for behandling. Det må påreknast noko saksbehandlingstid.

Klaga og eventuell dokumentasjon kan sendast digitalt via e-Dialog, som du finn gjennom denne lenka: <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/944183779>